



Bø kommune
Postboks 83
3833 BØ I TELEMARK

Trondheim, 12.04.2018

Dykkar ref.:
18010560

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2018/2015

Sakshandsamar:
Bjørkum, Ida

Tildeling av tilskot - Ladepunkt for offentlege tenestebilar i Bø kommune

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot av 09.02.2018 med referansenummer 18S70DD1. Det er søkt om eit tilskot på kr 240 000. Miljødirektoratet gir med dette ei tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på kr 240 000. Tiltaket som blir gitt tilsegn om tilskot er "Ladepunkt for offentlege tenestebilar i Bø kommune".

Beskriving av tiltaket:

"Bø kommune er midt under ein prosess for å slå seg saman med Sauherad kommune, nye Midt-Telemark kommune. For å kunne yte same tenestetilbod i den nye kommunen må Bø kommune førebu seg på ein kvardag med meir intern transport over dei gamle grensene. Det er eit mål i Bø kommunes handlingsdel av Energi og klimaplan for 2010 - 2020 at bilar med forbrenningsmotor til framdrift skal fasast ut. Som eit ledd i denne planen, må talet på ladestasjonar for elbilar i Bø kommune aukast i førekant av omlegginga .

Det er også eit mål å stimulere til at dei tilsette i kommunen trygt kan nytte private elbilar til jobben. Dette kan gjerast ved å ha nok ladekapasitet, samt å kunne prisdifferensiere mellom ulike brukarar, for å auke bruken av kvart enkelt ladepunkt.

Nye elbilar til drift i Bø kommune i 2018:

- 1 - Heimesjukepleia
- 1 - Kommunehuset
- 1 - Psykisk helse
- 2 - Teknisk eining
- 1 - Flyktingtenesta, ladehybrid tenkt til sentrumskøyning på elektrisk drift.

Ladepunkt tenkt etablera ved tildelt stønad:

- 2 stykk ved Napastaa-bygget, Gvarvvegen 54
- 4 stykk ved Heradshuset, Bøgata 67
- 2 stykk i carport for heimesjukepleien, Lektorvegen 18
- 4 stykk i for teknisk eining, Gullbringvegen 20"

VURDERING AV KLIMASATSSØKNADEN

Miljødirektoratet støtter ladeinfrastruktur som legg til rette for at kommunane erstattar sine fossile

tenestebilar med elektriske kjøretøy. Slik utskifting gjev direkte utsleppskutt. Ladeinfrastruktur til kommunale tenestebilar dekkjes ikkje av andre støtteordningar, og er heller ikkje omfatta av krav i lov og forskrift. Miljødirektoratet gjev støtte som dekker inntil 50% av etableringskostnaden for ladepunkter til bilar som skal skiftes ut. Vi legger til grunn at kommunen skifter ut et fossilt køyretøy med eit heilelektrisk køyretøy for kvart ladepunkt som støttes. Vi forventar at køyretøyene skiftes ut seinast innan utgangen av 2020. Med eitt ladepunkt menes lademoglegheit for eitt kjøretøy.

Ladepunkta skal vera "MODE 3 - TYPE 2"

Bø kommune har søkt om kr 240 000 til etablering av 12 ladepunkt for kommunale køyretøy. Søknaden vert løyvt. Støtta dekker inntil 50 % av dokumenterte kostnader knytta til etablering av ladepunkta, avgrensa oppover til kr 240 000. I søknaden skriv Bø kommune at ladepunkta skal kunne nyttast av publikum ved ledig kapasitet. Det er positivt om kommunen får til ein slik sambruk, men Miljødirektoratet understreker at føremålet med ladepunkta er at kommunen skifter ut fossile tenestebilar.

RAPPORTERINGSKRAV OG UTBETALING

For å måle effekt av tiltaket skal det i sluttrapporten leggjast inn kor mange elektriske køyretøy som er i bruk i kommunen før og etter tiltaket. Dersom det gjenstår å skifte ut køyretøy, skal planer for utskiftning beskrives.

Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter. Logg på med same brukar som leverte søknaden. Det er mogleg å legge inn rapport så snart ladepunkta er etablert og regnskapet er klart, sjølv om dette er før rapporteringsfristen.

Utbetaling skjer seinare på grunnlag av sluttrapport og rekneskap. Rekneskap skal være bekrefta av økonomisjef/regnskapsansvarlig, kommunerevisjon eller ekstern revisor.

AKSEPT

Frist for å akseptere tilsegna er 1. september 2018. Tilsegna vert akseptert i søknadssenteret. Logg inn med same brukar som leverte søknaden.

Denne avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak og det er difor ikkje klagerett, jamfør forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a og b, jamfør fjerde ledd.

INVITASJON TIL WEBINAR OM LADEPUNKT 17. APRIL 2018

Miljødirektoratet arrangerer webinar (nettbasert seminar) om innkjøp av ladeinfrastruktur for kommunale tenestebilar 17. april 2018 kl 10.00. Seminaret varer omtrent ein time. Vi oppmodar alle kommunar som får tilsegn om støtte til ladepunkter til å delta på webinar. Vi har invitert Elbilforeningen til å halde innlegg, og formålet er å auke bestillerkompetansen til deltakarane, dvs. gje konkrete tips til kommunar som vet at de skal kjøpe inn ladeinfrastruktur for elbiler. Meir informasjon og lenke til påmelding finn dykk her:

<http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Klima/Webinarer-om-lokalt-klimaarbeid/>

Følgjande rapportering er ein føresetnad for tilsegna om tilskot:

Skal leverast	Beskriving	Frist
Sluttrapport	Sluttrapport med bekrefte rekneskap og informasjon om utskifting av fossile køyretøy	01.05.2019

Beløpet vil bli utbetalt innanfor følgjande plan:

Planlagt utbetalt	Beskriving	Beløp
201908	Utbetaling av tilskot	240 000

Tilsegna er gyldig til 01.05.2019. Dersom rapporteringa som vist ovanfor ikkje blir overhalden, fell tilsegna om tilskot bort, og tilsegnsbeløpet vil då bli omdisponert til andre formål.

Dersom føresetnadene for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig), skal Miljødirektoratet ha beskjed med det same.

Vi gjer merksam på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen med heimel i løyvingreglementet kan kontrollere om tilskotet er nytta i samsvar med føresetnadene.

Vi gjer vidare merksam på at Miljødirektoratet heilt eller delvis kan krevje eit eventuelt utbetalt tilskot tilbakebetalt dersom midlane ikkje blir brukte i samsvar med føresetnadene, eller føresetnadene for tilsegna fell bort.

Rekneskapsbilag knytte til gjennomføringa av tiltaket skal oppbevarast i minst ti år, eller i samsvar med rekneskapslova dersom verksemda di er underlagd denne.

Helsing
Miljødirektoratet

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Herdis Laupsa
seksjonsleder

Ida Bjørkum
seniorrådgiver

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi:
Fylkesmannen i Telemark

. . .

